

**Notat**

Dato: 16.03.2017

Arkivsak: 2017/2736-1

Saksbehandlar: hanglop1

---

<b>Til:</b>	Rune Heradstveit, Arthur K. Arnesen, Mette Nora Sætre, Elin Sjødin Drange, Kristin Lemme, Paul Manger, Tore Dale
<b>Frå:</b>	Hans Inge Gloppen

---

**Avklaring kring ny forvaltning av «Etablererfondet for Bergensregionen»**

Fylkesutvalet har vedtatt å nytte kr 2 624 000 til Regionalt etablerarfond i Bergensregionen. Dette inneber kommunane i Hordaland utanom Sunnhordland og Hardanger. Fondet vart tidlegare administrert av Business Region Bergen AS, som no er formelt avvikla. Tysdag 14. mars 2017 vart det halde eit møte på fylkeshuset for å diskutera kven som no skal forvalta fondet i staden for BRB. Under er ei oppsummering av løysinga som hadde breiast tilslutning.

**Føresetnader for forvaltninga vedtatt av fylkesutvalet 23. april 2015 (utdrag)**

Søknad om tilskot frå dei regionale etablerarfonda for 2016 må sendast gjennom det nettbaserte søknadssystemet RF13.50. Prosjekt eller tiltak som det vert søkt om midlar til må vere forankra i ein eller fleire av kommunane i den regionen det vert søkt om tilskot i. Prosjektet skal ha god kvalitet, søkjar skal ha god gjennomføringsevne og verksemda som vert etablert bør innehalda minst eitt årsverk.

- Målgruppe for dei regionale etablerarfonda er ny-etablerte verksemdar som er etablert det året det vert søkt om midlar, eller prosjekt som vil føre til etablering av ei verksemd innan 12 månader etter tildelinga av tilskot. Enkeltpersonforetak reknast også som verksemd i denne samanhengen.
- Midlane skal tildelast som tilskot på inntil 50.000 kroner til etablerarar og ny næringsverksemd som fell utanfor Innovasjon Noreg sine ordningar
- Tilskot frå etablerarfondet skal bidra til gjennomføring av naudsynte tiltak i tidleg oppstartsfase, og gje gründaren kompetanse om marknad og økonomi. Aktuelle aktiviteter kan vera: Kundeundersøkingar, brukarstudiar og anna kartlegging for å få meir brukarinnsikt, testing og vidareutvikling av forretningsidé, kostnader knytt til nettverksbygging og styrking av kompetanse innan forretningsutvikling.

Forvaltninga og verkemiddelbruken skal vera i tråd med «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014». For regionale etablerarfond betyr dette at det kan gjevast tilskot til enkeltbedrifter og etablerarar. Midlane kan ikkje brukast til:

- a) Drift av næringsverksemd eller organisasjonar (t.d. varelager, husleige, marknadsføring m.m)
- b) Kausjon eller annen økonomisk garanti
- c) Direkte eller indirekte investeringar i verksemdar sin eigenkapital
- d) Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

Regionråda som forvaltarar etablerarfondet kan bruka inntil fem prosent av midlane som vert forvalta, til å dekke administrasjons- og gjennomføringskostnader.

Når det gjeld handsaminga av søknaden gjeld desse føresetnadane:

- Søknader vert handsama fortløpande. Vurderinga av søknadene vert gjort administrativt, og det vert lagt opp til rask sakshandsaming. Svaret på søknaden vert gjeve som skriftleg tilsegn/avslag.
- Tilskotsforvaltaren har rutinar for klagebehandling. Dette omfattar korleis klagen skal leverast, kva opplysningar klagar må gje og kontaktinformasjon til rett klageorgan som klagen skal sendast til.

Dei to andre regionale etablerarfonda vert forvalta av:

**Etablerarfond for Sunnhordland:** Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

**Etablerarfond for Hardanger:** Hardangerrådet IKS

**Nordhordland IKS som ny forvaltar av «Etablererfondet for Bergensregionen»**

Med omsyn til føringar frå KMD og «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014» er det eit krav at midlane skal forvaltast av ein kommune eller eit regionråd. Sidan dei to andre etablerarfonda vert forvalta av regionråd, vil det vera mest praktisk at også Etablererfondet for Bergensregionen vert forvalta av eit regionråd.

I Bergensregionen er det då Nordhordland IKS som peikar seg ut som eit naturleg val. Dette regionrådet famnar ni av kommunane i Bergensregionen (Austrheim, Lindås, Fedje, Gulen, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy), har tidlegare erfaring med regional fondsforvaltning og driv i tillegg med etablerarhjelp til gründerar. Nordhordland IKS har også erfaring med den årlege rapporteringa til KMD.

**Administrativt fondsråd**

For å ivareta interessene til dei øvrige kommunane i Bergensregionen (Askøy, Bergen, Fjell, Fusa, Os, Samnanger, Sund, Vaksdal, Voss og Øygarden) vil det vera hensiktsmessig å etablera eit administrativt fondsråd som representerer desse kommunane. Dette rådet kan vurdere kvaliteten på søknadene, og marknadsføre fondet til lokale gründerar. Kommunane i regionen vurderer sjølv korleis dette samarbeidet skal organiserast, søknadsfristar og kor mange medlemmer som skal vera med.

**Marknadsføring av etablerarfonda**

Hordaland fylkeskommune vil annonsera fonda i BT og utvalde lokalaviser. I tillegg kjem fondet til å bli profilert via Etablerarsenteret andre arenaer det fylkeskommunen er involvert. Det er forventa at kommunane og regionråda også marknadsfører fonda via sine nettsider, og via lokale nettverk.